

Det Kongelige Nærings- og Fiskeridepartement  
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

## Svar på høyring - Forslag om å opne for tildeling av utviklingsløyver

Syner til høyringsnotat av 12. juni 2015 med høyringsfrist 20. august 2015. Grunna kort høyringsfrist kan ikkje dette notatet handsamast av politisk utval, og det vert gjeve ei administrativ fråsegn.

Sogn og Fjordane stiller seg positive til at det vert opna for eige løyve for utviklingsføremål i akvakultur. Vi meiner at dette kan bidra til at oppdrettarar i større grad vil satse på innovasjon innan m.a. utstyrsteknologi, noko som igjen på sikt vil bidra til å styrke havbruksnæringa.

### *Eige løyve til utviklingsføremål*

Vi er av den oppfatning at det beste vil vere å tildele *eige* løyve til utviklingsføremål, framfor å nytte FoU-løyve. Det er, og skal vere, skilnad på FoU og utviklingsarbeid (som også høyringsnotatet viser). Dette må og komme fram gjennom søknadsskjema. For å få eit mest mogleg brukarvennleg skjema, bør det difor vere særskilte skjema for utviklingsløyve (U-løyve) og for forskingsløyver. Dei tidlegare nemnde FoU-løyva må då kallast «forskingsløyve» (F-løyve).

### *Krav til forvaltninga*

M.a. på grunn av konkurransesituasjonen og kostnadane til (ordinære) løyve, er det er viktig at det vert stilt strenge krav til dei som får utviklingsløyve. Dette stiller også krav til forvaltninga:

1. Det må utviklast eit søknadsskjema som er godt nok, og der ein fullstendig prosjektplan (med mål, milepælar, budsjett, finansieringsplan) for utviklingsprosjektet kjem så godt fram at det kan evaluerast og kvalitetssikrast av tildelar av løyvet.
2. Tildelar må ha kompetanse til å vurdere utviklingsprosjekt. Som ein del av fylkeskommunane sitt arbeid med marin næringsutvikling, er vurdering av utviklingsprosjekt ein del av vår arbeidskvardag. Vi ser det difor som ei kvalitetssikring av prosessen om tildelinga av utviklingskonsesjonar vert utført av fylkeskommunane. Vi har tett og god kontakt med næringa, har ansvaret for koordinering av den regionale partnerskapen i næringsutviklingsarbeide og i tildeling av akvakulturløyve, ei god oversikt over kapasitet og lokalitetar i våre fylker, og ikkje minst røynsle frå å vurdere utviklingsprosjekt.

Næringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune har positive erfaringar med å nytte «ekspertpanel» (etter modell frå Regionale forskingsfond Vest) ved vurdering av utviklingsprosjekt. Dette er ein metodikk som vil bidra til å kvalitetssikre søknadane, og der deltakarar kan kallast inn etter behov og samansetninga endrast i høve løysinga som skal testas ut. Den fungerer også godt som video eller telefonmøte og er kostnadseffektiv. Vi vil be om at denne løysinga vert nytta.

3. Prosjekta må leggest inn i ei nasjonal database, slik at den som tildeler løyvet (og næringa sjølve) til ein kvar tid er oppdatert med kva andre prosjekt som er sett i gang. Slik kan ein unngå duplisering av allereie kjend kunnskap.

### *Openheit om resultat*

Vi meiner at det er viktig at det vert sett tydelege krav til at teknologien og tiltaka som vert utprøvd i ein utviklingskonsesjon skal gjerast offentleg kjend slik at den kan kome heile næringa til gode. Kanskje ein også kan nytte høvet til å prøve konseptet med «open innovasjon»? Difor bør

det også sendast inn kortare rapporteringar ved milepælar i utviklingsprosjektet. Slik vil ein sikre innsikt og informasjon frå prosjektet sjølv om det ikkje kan gjennomførast i forventa omfang. Det vil då også vere enklare for søkjar å forklare endringar som skjer undervegs i prosjektet.

#### *Tidsavgrensing*

Vi sluttar oss til høyringsutkastet sitt forslag om at eit utviklingsløyve kan bli gitt for inntil 15 år om gongen (slik som for forskingsløyva).

#### *Avgrensing av tal løyve til utviklingsføremål*

Vi meiner at det i utgangspunktet *ikkje* bør setjast eit tak på tal konsesjonar til utviklingsføremål. I og med at ein skal stille strenge krav ved tildelinga, er det vår oppfatning at det ikkje bør vere andre avgrensingar. I alle fall før ein eventuelt har hausta erfaringar som seier at det må settast eit tak på tal løyve. Ein nasjonal «pott» kan bidra til innbyrdes konkurranse der tidsaspektet for å fremje søknad er viktigare enn søknaden sin kvalitet. Det er viktig at søknad kan fremjast når prosjektet og deltakarane er mogne for det.

#### *Konvertering til kommersielle løyve*

Departementet forslår i sitt høyringsnotat ei ordning der ein aktør som får utviklingsløyve etter ei fastsett tid kan få gjere om løyvet til eit ordinært kommersielt løyve. Dette kan gje ei vesentleg oppside om prosjektet lukkast og kanskje til å ta større risiko. Samstundes kan dette vere ei ordning som fører til ein «omveg» til kommersielt løyve ved at ein i verste fall kan ha aktørar som illuderer at dei vil gjennomføre eit utviklingsprosjekt, men som gjer minimum og så søker om å få det omgjort til eit kommersielt løyve. Dette vil på sikt skade næringa gjennom dårlegare omdømme og ved at styresmaktane ikkje har full kontroll med dei kommersielle løyva.

I tillegg ser vi og at det ved ei eventuell konvertering truleg må knytast nye lokalitetar til det kommersielle løyvet. Eit utviklings-løyve vil kunne lokaliserast til «testlokalitet» i nærleiken av FoU-institusjonen eller oppdrettaren slik at det vert enkelt å følgje opp. Dette vil ikkje alltid vere den lokaliteten ein vil velje til kommersiell aktivitet. Like så vil kommunane ved planlegging av sjøområda sine og godkjenning av lokalitet til utviklingsføremål ha eit krav på å vite om dette vil bli ein permanent lokalitet eller om den vil vare i maks 15 år. Dette vil påverke kommunen og andre interesser si haldning til tiltaket.

Ei prissetting av eit matfiskløyve vil variere med marknadsinteressa, og det vil vere så å seie vere umogleg å sette ein fast pris som skal kunne ha gyldigheit i inntil 15 år framover. Eit vederlag bør etter vår meining ligge tett opp mot gjennomsnittspris i den frie marknaden. Denne prisen kan variere og vere lite føreseieleg for oppdrettar i høve til tidspunkt då prosjektet (eller utviklingsløyvet) skal løysast inn, men vi ser likevel dette som beste løysinga.

Ut i frå ei samla vurdering vil Sogn og Fjordane fylkeskommunen *rå i frå at det skal ligge ein automatikk* i at eit utviklingsløyve skal kunne konverterast til eit kommersielt løyve. Vi ser likevel at det kan vere positivt at eigarar av «dei beste løysingane» som vert prøvd ut med uttesting i eit utviklingsløyve får høve til å nytte dette konseptet som inngang til ein kommersiell konsesjon. Dette bør då skje gjennom ein «nasjonal kvalifisering» med sentraliserte tildelingar av dei konverterte løyva. Ei slik ordning vil kunne forhindre at nye aktørar ser dette som ein inngang til kommersielt løyve utan intensjon om å gjennomføre det omsøkte prosjektet i utviklingskonsesjonen med full tyngde.

#### *Kriterium for å få utviklingsløyve*

Vi sluttar oss til høyringsutkastet sitt forslag om at prosjektet som vert omsøkt skal kunne utvikle *ny teknologi*, eller *nye og betre driftsformer og løysingar* som kan bidra til ei berekraftig vekst og auka verdiskaping. Prosjektet må innehalde *eit nyheitselement* og det må vere knytt *ei form for usikkerheit til resultatet*.

Kvaliteten bør sikrast med krav om tilknytning av FoU-partnar til prosjektet. Større selskap/konsern kan i nokre tilfelle sjølv stille med høg kompetanse innan nokre felt involvert i utviklingsprosjektet, og denne kompetansen må då dokumentarast i CV. Utviklingsprosjekta skal likevel ikkje vere så forskingsretta som forskingsprosjekta, men skal vektlegge utviklingsdelen i større grad.

Eit anna kvalitetskriterium som det bør leggest vekt på i vurderinga, er om prosjektgruppa og underleverandørar til saman har den kompetansen som trengs, og dei økonomiske rammene som vert kravd, for å gjennomføre prosjektet.

Med helsing

Jan Heggheim  
fylkesdirektør for næring

Lena Merete Søderholm  
fagkoordinator havbruk/fiskeri

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Høringsnotat av 12. juni 2015

Kopi til:

Hovudutval for plan og næring